



LEIK MED AVISPAPIR



LEIK MED AVISPAPIR

Hensikt

I denne aktiviteten får barna ulike motoriske utfordringar der dei skal ha kontroll på eit avisblad.

Utstyr

Eitt ark (dobbelt) med avisblad til kvart barn

Forklaring

Dømer på ulike oppgåver barna kan gjere med avisbladet:

- Kan du springe med avisbladet på brystet utan å halde i det?
- Kan du balansere med avisbladet på hovudet, på handa, på beinet eller på ryggen?
- Legg avisbladet på golvet, prøv å balansere på ytterkanten av avisbladet.
- Legg avisbladet på golvet, klarar du å blåse det over til andre sida? Blås og kryp/ål etter arket.
- Legg avisbladet på golvet, stå barbeint oppå. Greier du å krølle arket?
- Lag ein ball av avisbladet, klarar du å kaste oppi bøtta?

Variasjon

- Par-øvingar: To saman om eitt avisblad.
 - Greier de å bevege dykk rundt i rommet medan de held i avisbladet og balanserer ein lett ball oppå?